



* Anita og Råds Hero i maraton, dei enda til slutt på ein andre plass samanlagt.



* Jeanett og Mayasokken frå Sogndal, denne ekvipasjen vann middels klasse samanlagt.

Sterke hestekrefter i sving

Det gjekk unna så søla skvatt då 18 kuskar gjorde opp seg imellom på Vollane ridebane i helga.

Volda rideklubb arrangerte distriktsstemne i køyring, og trekte deltakarar både frå Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Austlandet. Laurdagen var det fleire ulike konkurransar i sving, og både dugnadsfolk og deltakarar stod på non-stop frå morgon til kveld. Takka vere det nydelege, varme vårværet så kosa både publikum og deltakarar seg, trass i litt venting mellom klassene.

Fleire lokale vinnarar

LC og LB presisjon vart begge vunne av voldingen Synnøve Nedrelid med ponnien Anastasia, medan Trine Funderud/Skrydstrups Pan frå Ørsta tok tredjeplassen i LB presisjon. MB presisjon vart vunne av ørstingen Anita Brekke/Råds Hero, framfor Liv Jorunn Nyhagen/Pokemann frå

Volda. Nyhagen vann deretter vanskeleg presisjon.

Søndag tok Nedrelid heim sigeren i LC maraton, og vann LC samanlagt, framfor Thea Fremmerlid Osborg/Vestengas Løfle frå Ørsta. Isabell Øye/Brautar frå Ørsta vann LB maraton, men nådde ikkje heilt opp samanlagt. Anita Brekke hadde ein god dag i maratonløypa, og tok andreplass i MB-klassen og andreplassen i MB samanlagt. Vinnarane fekk flotte premiar sponsa av lokale verksemdar.

- Kjekk start på sesongen

Ein lang og kald vinter gjorde at det var knytt spenning til avviklinga av stemnet, då rideklubben berre disponerer utebane. Vinteren sleppte heldigvis taket i siste liten, og alle deltakarane skrytte av gode forhold. Sjølv ikkje søndagens regnvær la ein dempar på stemninga, og klubben fekk mykje ros for innsatsen som vart lagt ned under stemnet, både av

dommar, deltakarar og banebyggjar.

- Det var som alltid kjekt å kome til Volda på stemne. Det er ein liten, men dyktig gjeng som stiller opp for å arrangere stemmer her, seier overdommar Marianne Vikheim frå Sogndal. Ho fortel at dette var årets fyrste køyrestemne på Vestlandet, og at det var eit spesielt viktig stemne for fire av ekvipasjane. Desse ekvipasjane trengde stemnet for å kvalifisere seg til eit stemne i Danmark fyrste helga i mai, som eit steg på vegen mot Nordisk meisterskap i køyring i juli.

- Det var mange flinke ekvipasjar, pent vær og god stemning på stemneplassen. Alle var samde om at det var ein kjekk start på sesongen, slår Vikheim fast.

God køyring

Også banebyggjar Harald Løtuft frå Førde har mykje godord å kome med etter sitt opphald i Volda.

- Sidan det er få køyrestemner så tidleg i sesongen, så var det svært viktig å få til dette stemnet, sjølv om det knapt var fritt for snø i området. Vi måtte improvisere litt for å få nok hinder i maraton, då det er ein fordel med snøfri mark sidan dette er ein konkurranse som delvis går føre seg i terrenget i stor fart, men det løyste seg på ein god måte. Talet på deltakarar talar for seg sjølv med tanke på behovet for stemnet, seier Løtuft, og held fram at det var veldig bra at Volda rideklubb tok på seg å gjennomføre dette.



* Blide dugnadsfolk. Skrivar for dommar var Raket Skram Aasen og speaker Bjørg Holmin.



* Liv Jorunn og Pokemann vann vanskeleg presisjon.

- Eg har sett mykje god køyring på dette stemnet, og mange nybyrjarekvipasjer - noko som er kjekt. Stemnet vart godt gjennomført trass i utfordringar vèrmessig,

seier han, og minner om at det er viktig å ha stemmer innimellom så kuskane heile tida har mål med treninga.



* Thea og Vestengas Løfle deltok i sitt fyrste køyrestemne.



* Godt humør trass dårleg vær, vinnarar frå søndag frå venstre: Karianne Einang, Pontus Gundersen, Synnøve Nedrelid, Anita Brekke og Jeanett Skophamar.



* Stemnets minste; Mauritz frå Skårhaug. Denne ekvipasjen kom frå Nordfjordeid.